



Til dei vidaregåande skulane

Dato: 29.05.2017

Vår ref.: 2016/9170-24

Saksbehandlar: siltot5

Dykkar ref.:

Søkjarar frå Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram som skal ta Vg2 som utvekslingselevar

Kvart år er det ein del elevar frå Vg1 STU som tek Vg2 som utvekslingselevar i utlandet. Desse har som oftast også søkt Vg2 på ordinær måte i vigo-systemet.

For å unngå at så mange som mogleg tek opp plassar ved 1. inntaksomgang som dei ikkje skal nytte, ber vi om at skulane informerer desse om å sende ein e-post til inttak@hfk.no der dei trekkjer søknaden til våre skular. (Fullt fødsels- og personnummer eller referansenummer i Vigo, må opplystast som ID). Slik melding kan sendast i perioden 1. juni til 30. juni. Etter dette vil søkerane bli med i det ordinære 1. inntaket.

Vi understrekar at dei berre bør gjere dette når dei er heilt sikre på at dei ikkje skal gå i Vg2 på våre skular, skuleåret 2017/18.

Elevar som skal gå i Vg2 ved utanlands-tilboda som er administrert av Hordaland fylkeskommune, treng ikkje sende slik melding sidan inntakslistar er mottatt frå dei av skulane våre som administrerer desse tilboda.

Venleg helsing

Nils Skavhellen
inntaksleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.